



Kommunane i Møre og Romsdal
v. landbruksansvarleg

Feltkurs i vurdering av markslag AR5 - frå terreng til manuskart

Fylkesmannen inviterer til kurs i klassifisering av markslag.
Tid: **Onsdag 28. mai** 2014, oppstart kl. 10.00 – 15.30

Stad: Avhengig av kva kommunar som melder seg på.

Markslagskurset har vore eit årleg tilbod i mange år, men **framover vil kurset bli halde om lag kvart 3. år**. Derfor er det ekstra viktig å bli med, siden det er lenge til neste gong.

Vi sender invitasjonen til alle kommunane i Møre og Romsdal. Aktuelle deltakarar frå kommunen er saksbehandlarar på landbruk og teknisk/oppmåling. For den som jobbar med tilskotsforvaltning er dette kurset viktig for å opprettholde eit ajourført Gårdskart. Det kan vere fleire av dykk som ser seg tent med ein introduksjon til temaet, sidan fleire kommunar har hatt skifte i personell og/eller fordi dei rett og slett ønskjer ein ny gjennomgang.

Institutt for Skog og Landskap står for det faglege innhaldet. Kurset startar med ei innføring av klassifiseringssystemet.

For meir info sjå: http://www.skoglandskap.no/kurs/ar5_feltkurs

Feltkurset krev gode klede og fottøy. Fylkesmannen ordnar med lunsj, medan kommunane betaler reisa sjølve.

Elektronisk påmelding må skje innan **onsdag 21. mai** via www.fmmr.no.

Spørsmål kan rettast til Kjellaug Finnøy, tlf. 71258067 eller Arnold Hoddevik, tlf. 71258154

Med helsing

Ottar Longva (e.f.)
ass.dir.

Kristin Eide
fylkesagronom

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.